



Høyringsutkast

PLANPROGRAM

Regional plan for klima 2022–2035

INNHALD

1. Innleiing	3
2. Plantema	6
2.1. Utsleppsreduksjon – Redusere klimafotavtrykket og direkte utslepp	6
2.1.1 Redusere klimagassutslepp med mål om nullutslepp innan 2030	6
2.1.2 Redusere klimafot avtrykket til Vestlandssamfunnet	7
2.2 Trygt og robust Vestland	7
2.3 Sikre naturmangfald	8
2.4 Klimarettferd og folkehelse i klima	9
3. Planstruktur	11
4. Medverknad	12
5. Framdriftsplan	14
6. Organisering av planprosessen	15
7. Utgreiingsbehov	17
8. Rammer for planarbeidet	19

Framsidedfoto: Fint driv på tur på Stad. Foto: Maria C. Knagenhjelm

1. INNLEIING

For å nå dei store, globale klimamåla, må vi gjere ein innsats på alle nivå, inkludert på regionalt og lokalt nivå. Vestland set seg høge ambisjonar knytt til klimaomstilling og nullutslepp i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Vi er både modige og framoverlente. Vi skal inkludere, inspirere og mobilisere heile Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling. Planprosessen vil fokusere på korleis Vestland skal lukkast med å løyse klimautfordringane, og skal munne ut i ein regional plan for klima. Skal vi lukkast må vi inkludere klimaarbeidet i alt vi gjer. Å lukkast med klimautfordringane skal også bidra til at vi lukkast med andre omsyn, m.a. berekraftige næringsutvikling, mattryggleik, naturmangfald, redusere klimarisiko, og bidra til gode levevilkår og livskvalitet. Vestland skal leie vegen mot det gode, berekraftige og trygge nullutsleppssamfunnet.

1.1 Kva er dette?

Dette dokumentet er eit planprogram, ein "plan for planen". Innbyggjarar, kommunar og andre samfunnsaktørar får no høve til å påverke den kommande klimaplanen i Vestland tidleg, gjennom å komme med høyringsuttale til planprogrammet. Det er fylkesutvalet som vedtek endeleg planprogram.

For alle regionale planar skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Eit planprogram skal gjere greie for

- Føremålet med planarbeidet
- Planprosessen med fristar og deltaking
- Opplegg for medverknad
- Behov for utgreingar

Medan planprogrammet er på høyring, og undervegs i arbeidet med planen, vil innspel kunne bli

gitt både gjennom digitale løysingar, møter og verkstadar, sjå meir detaljar under avsnitt om medverknad og framdrift.

1.2 Kvifor gjer vi dette?

Fylkeskommunen skal, som regional planmynde, utarbeide regionale planar for dei tema som er fastsett i regional planstrategi (plb. § 8-1). Fylkestinget vedtok Utviklingsplan for Vestland i september 2020. Denne planen set strategisk retning for utviklinga av fylket dei neste fire åra, og definerer kva planar som skal gjelde og bli utarbeidd i fylkestingsperioden. Ein ny regional plan for klima er ei prioritert oppgåve, og dette planprogrammet er fyrste steg i utarbeidinga av planen.

Utviklingsplanen slår fast at den langsiktige visjonen for Vestland fylke er å vere «Nyskapande og berekraftig». Dette inneber at FN sine 17 berekraftmål er overordna og førande for samfunnsutviklinga. Måla får fram korleis miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjonar ved berekraft påverkar kvarandre. Høg måloppnåing

Mål 1

Vestland som det leiande vediskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Mål 2

Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.

Mål 3

Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland.

Mål 4

Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping.

Figur 1: Mål i Utviklingsplan for Vestland 2020–2024.

innanfor ein av dimensjonane, kan ha utilsikta negative konsekvensar for andre dimensjonar. Når ein ser måla i samanheng kan det derimot oppstå sterke synergieffektar.

Utviklingsplanen gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for å oppnå den overordna visjonen. På kort sikt må vi prioritere innsatsen der utfordringane og moglegheitene er størst. Utviklingsplanen har definert fire hovudmål som skal leggst til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket.

Knytt til dei fire hovudmåla i Utviklingsplanen er det 10 berekraftsmål som er spesielt prioritert i denne perioden.



Klima og miljø - ein premiss for berekraftig samfunnsutvikling

Det grøne skiftet inneber omstilling til eit samfunn der utvikling

og vekst skjer innafor tolegrensa til naturen. Dette inneber betre ressursutnytting, kunnskapsbasert forvaltning av naturressursar, og mindre belastning på miljø og klima. Utviklingsplanen sitt mål 2 peiker på at klima- og miljø er eit premiss for samfunnsutviklinga. Regional klimaplan skal tydeleggjere korleis vi skal følgje dette opp gjennom å klimaomstille Vestlandssamfunnet.

1.3 Kva ynskjer vi å oppnå?

Regional klimaplan skal gi grunnlag for klimaomstilling av Vestland fylke for å nå målet om nullutslippssamfunnet, og dette er planen sitt oppdrag. Dette inneber ei brei samfunnsending der vi både reduserer klimagassutsleppa, samtidig som vi tilpassar oss til dagens og framtida sitt klima, òg tek i vare naturmangfaldet. Omstillingsprosessen gjeld heile Vestlandssamfunnet; innbyggjarar, næringsliv, kommunar og fylkeskommunen. Planen skal skildre korleis vi skal legge klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, og tydeleggjere kva dette vil bety i praksis. Planen vil vise strategisk retning i klimaarbeidet, og vurdere ulike strategiar og verkemiddel for å vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslipp innan 2030.

Utgangspunktet for arbeidet baserer seg på at vi i Vestland arbeider med klimaomstilling som ei **samfunnsending** der vi både **reduserer klimagassutsleppa** frå Vestlandssamfunnet, samt **tilpassar** oss til dagens og framtida sitt klima. Ein del av arbeidet med redusert klimagassutslepp er å ha eit fokus på karbonbinding, både gjennom opptak og lagring i skog og jord, samt utarbeiding av ny teknologi. Nye tiltak må sjåast i samanheng for å lukkast med ei berekraftig utvikling.

Klimaendringane er også ein av dei største truslane mot **naturmangfaldet** i verda, då dei medfører endra levevilkår for dyr og planter, og påverkar samspelet i naturen. Sårbare artar og økosystem står i fare for å forsvinne, og dette påverkar livsgrunnlaget vårt. Klimaendringar og naturmangfald må sjåast i samanheng, m.a. fordi velfungerande økosystem er viktig for å nå klimamåla¹. Dette gjeld både ved at naturen kan ta opp og lagre karbon, men også ved at naturen kan dempe verknadane av klimaendringar som m.a. flaum og skred (naturbaserte løysingar for klimatilpassing).

Denne planen skal både omhandle korleis vi kan redusere utslepp av klimagassar, og korleis vi kan tilpasse oss til klimaendringane. I tillegg vil vi ha eit særleg fokus på naturmangfald, og korleis vi kan styrke integrering av naturmangfald i klimaarbeidet. Dette vil utgjere dei tre hovudområda i

klimaomstillinga av Vestlandssamfunnet (figur 2).



Figur 2: Hovudområda i Klimaomstilling

Sjølv om hovudfokuset i klimaplanen vil vere på tiltak og verkemiddel for å klimaomstille samfunnet, så må innhaldet i planen bli sett i samanheng med dei andre måla i Utviklingsplanen. Mange tiltak vil kunne bidra positivt til å nå dei andre tre

måla i utviklingsplanen, men ein må og vurdere om det kan ha negative konsekvensar for andre tema. Vestland skal ha ein klimapolitikk som er rettferdig og inkluderande, og som bidreg ein heilskapleg og robust samfunnsutvikling. Dette er grunnen til at klimarisiko og klimarettferd er trekt fram som sentrale tema i klimaplanen.

Med utgangspunkt i dei tre hovudområda legg vi opp til denne tematiske inndeling; redusere klimafotavtrykket til Vestland, fjerne direkte utslepp frå Vestland, trygt og robust Vestland, ivareta naturverdiane i Vestland, klimarettferd og folkehelse, og klimarisiko, sjå figur under. Dette vil vere ei noko annleis strukturering av ein klimaplan, i eit forsøk på å inkludere eit breiare tilnærming til klimaarbeidet, og sikre at fleire omsyn kjem på vektsskåla når ei skal fatte eit vedtak.

Dette planprogrammet føreslår følgjande inndeling og hierarki ved utarbeiding planen:

Utviklingsplanen og fylket sin visjon	Berekraftig samfunnsutvikling – Berekraftig og nyskapande Vestland				
Oppdrag frå utviklingsplanen	Klimaomstilling av Vestlandssamfunnet				
Hovudområde i klimaplanen	Utsleppsreduksjon		Klimatilpassing		Naturmangfald
Plantema	Redusere klimafotavtrykket	Fjerne direkte utslepp	Trygt og robust Vestland	Klimarettferd og folkehelse	Sikre naturmangfald
Oppfølging av mål i utviklingsplanen	Mål 1, 2, 3	Mål 1, 2, 3	Mål 1, 2, 3, 4	Mål 2, 3, 4	Mål 1, 2, 3

Nokon må gjere noko.....men tenk om det er vi som er «nokon»?

Agnes Vevle Tvinneim, Bærekraftige liv Landås

2. PLANTEMA

2.1. Utsleppsreduksjon – Redusere klimafortrykket og direkte utslepp

Klimaendringane påverkar heile kloden vår, og påverkar kvardagen til både menneske og naturen. Globale gjennomsnittstemperaturar aukar, forårsaka av menneskelege klimagassutslepp. FN sitt berekraftsmål nr. 13 er å stoppe klimaendringane, og gjennom Paris-avtalen har alle verdas land forplikta seg til utsleppskutt som bidreg til å bremse klimaendringane og den globale oppvarminga (2-gradersmålet).

Å redusere utslepp av klimagassar frå Vestlandssamfunnet vil vere ein stor og viktig del av arbeidet i regionen framover, nettopp for å stoppe klimaendringane og for å sikre at vi lukkast med miljømessig berekraft. Dette er ei global utfordring, men innsatsen skal skje lokalt. Regional plan for klima kjem til å dele inn arbeidet med utsleppsreduksjon i to tema som heng tett saman;

1. redusere klimagassutslepp med mål om nullutslepp innan 2030, og
2. redusere klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet

Vestland fylke ønskjer å vere eit føregangsfylke der vi tek ansvar for både å redusere direkte og indirekte klimagassutslepp som Vestlandssamfunnet er ansvarlege for. Dette betyr at vi skal redusere klimagassutsleppa vi er ansvarlege for både innanfor og utanfor dei geografiske grensene våre.

2.1.1 Redusere klimagassutslepp med mål om nullutslepp innan 2030

Direkte utslepp er utslepp av klimagassar som skjer innanfor eit geografisk område, og i planen vil dette gjelde fylket sine geografiske grenser. Det er også desse utsleppa det vert rapportert på nasjonalt, og som SSB presenterer fylkesfordelt klimagassstatistikk på. Det vidare planarbeidet tek utgangspunkt i at desse utsleppa gjeld både kvotepliktig og ikkje-kvotepliktig sektor, og regional plan for klima skal styrke Vestland si pådrivarrolle i å nå mål om nullutslepp innan 2030. For å lukkast i arbeidet med utsleppsreduksjon, må alle ta sitt ansvar. Fylkeskommunen kan sjølv gjere mykje gjennom rolla som samfunnsutviklar, tenesteleverandør og gjennom eiga drift. Samstundes er mange av utsleppskutta avhengige av andre sin innsats, t.d. verksemdar, kommunar, stat, og innbyggjarar. I det vidare arbeidet vil vi prioritere å synleggjere kven som har ansvar for kva tiltak, og korleis ein kan samarbeide for å lukkast.

Direkte utslepp kjem til dømes som følge av forbrenning av fossilt og biogent karbon, eller utslepp av metan og lystgass frå biogene rottingsprosessar. Fossilt karbon er karbon som har vore bunden opp i til dømes kol, olje eller gass i millionar av år, og er eit framandelement i det korte karbonkrinsløpet. Biogent karbon er bunden opp i dyra og plantene i biosfæren og er på ei anna side naturleg i det korte karbonkrinsløpet. Metan frå fordøyingsprosessar og rotning av daude organismar, og CO₂ frå forbrenning av ved eller biodrivstoff er døme på biogene klimagassar. Utslepp av biogent CO₂ bidrar difor ikkje til å auke mengda karbon i det korte karbonkrinsløpet i særleg grad. Karbonfangst og -lagring, og andre negative utslepp, vert ikkje rapportert inn som del av oppfyljing av nasjonale forpliktingar etter FN sin klimakonvensjon. Samstundes vert

tiltak og teknologi for å redusere klimagassar viktig i klimaomstillinga.

Andre utslepp enn CO₂ spelar òg ei viktig, men mindre rolle. Reduksjon i metanutslepp (CH₄) vil redusere temperaturauken, men denne gassen har kortare levetid og ikkje same langsiktige effekt som CO₂. Lystgass (N₂O) påverkar meir som CO₂, men utsleppa av denne gassen er mindre enn CO₂.

Kva skal vi gjere:

- Gjere greie for status på direkte klimagassutslepp i Vestland, og historisk utvikling.
- Utarbeide framskriving av ulike utsløppsbaner framover, basert på nasjonale og regionale utsløppsmål og ambisjonsnivå.
- Gjere greie for dei største utsløppskjeldene i regionen, og korleis vi skal vere pådrivar for å redusere desse.
- Gjere greie for prioriterte utsløppskjelder i arbeidet med samfunnsutviklinga. Eks:
 - Transport - Reduserte transportbehov og ta i bruk klimavenlege transportformer. Inkluderer m.a. auka fokus på samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
 - Bygg og energibruk – Korleis vi i Vestland kan redusere klimagassutslepp og energieffektivisere.
 - Klimavenleg landbruk – Sikre eit berekraftig landbruk i regionen, for å halde oppe matvaresikkerheita i eit klima i endring.
 - Berekraftig næringsutvikling – Sikre næringsutvikling som del av klimaomstilling av samfunnet.
- Gjere greie for korleis desse prioriterte utsløppskjeldene vert dekkja i andre regionale planar, og avgjere om dei treng eigne fokus i klimaplanen, eller om det allereie er tilstrekkeleg dekkja.
- Tydeleggjere grensene for kva type utsløpp som inngår i utsløppsmåla, og korleis ein eventuelt gjere tematiske tilpassingar av utsløppsmål, f.eks. fossile utsløpp innan klimavenleg landbruk.
- Utvikle retningslinjer for klimaplanen

knytt til dette temaet.

- Vidareutvikle gode styringsverktøy for å følgje mål og framdrift, i form av klimabudsjett og klimarekneskap og indikatorar for måloppnåing.

2.1.2 Redusere klimafotavtrykket til Vestlandssamfunnet

Klimafotavtrykket er både dei direkte utsløppa (scope 1) ved produktet og indirekte utsløpp (scope 2 og 3) knytt til produktet ([les meir om scope her](#)). Dei indirekte klimagassutsleppa er utsløppa i heile verdikjeda eller forsyningskjeda til produkt og tenester. Sjølv om eit produkt eller ei teneste kan vere heilt utan utsløpp frå leverandøren si side eller i driftsfasen, kan det vere store utsløpp knytt til produksjon. Sidan alle klimagassutslepp er globale, vil utsløpp knytt til produksjon og transport vere del av klimafotavtrykket. Vestland sitt klimafotavtrykk er langt større enn dei direkte klimagassutsleppa frå regionen, og ved å fokusere på denne forbrukstilnærminga til utsløpp, så utvidar vi den tradisjonelle måten å ta ansvar for klimagassutslepp på. Dette er det samstundes vanskelegare å gi nøyaktige tal på. Det eksisterer ikkje offentleg tilgjengelege klimagassrekneskap for indirekte utsløpp, men Vestland fylkeskommune deltek i ulike prosjekt for å utvikle metodar for å kartlegge klimafotavtrykket både til regionen og til personleg forbruk.

Kva skal vi gjere:

- Gjere greie for status på Vestlandssamfunnet sitt klimafotavtrykk. Aktuelle tema i samband med klimafotavtrykk kan vere:
 - Forbruk og innkjøp
 - Sirkulær økonomi og ressursbruk
 - Redusere avfall og forsøpling

2.2 Trygt og robust Vestland

I Folkehelseoversikt for Vestland vert fysiske og

psykiske helsekonsekvensar av klimaendringar trekt fram som ei folkehelseutfordring. Kjensla av frykt for å bli råka av skred og flaum er stor, og for mange er opplevinga av å ha uttrygg reiseveg negativt. Klimaendringane gjer at slike naturhendingar skjer hyppigare og med auka intensitet. Konsekvensane er svært kostbare for samfunnet, både på kort og lang sikt. Samstundes som vi reduserer utslepp for å minske klimaendringane, må vi tilpasse oss dei endringane som alt er her og som vi veit vil forsterke seg.

Norsk Klimaservicesenter har laga klimaprofilar som gjev eit kortfatta samandrag av klimaendringane og tilhøyrande utfordringar i alle fylka. Klimaprofilen er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunalt og regionalt klimatilpassingsarbeid, og syner venta endringar i Vestland innan klima, hydrologiske forhold og naturfarar som kan påverke samfunnstryggleik.

Vi vil ha ein brei tilnærming til klimatilpassing, og vil difor ta utgangspunkt i omgrepet klimarisiko. Den fysiske risikoen ved klimaendringane vil stå sentralt, men eit trygt og robust Vestland er og eit samfunn som tilpassar seg breidda i endringane vi ser kome, både som direkte påverknad eller som eit resultat av dei omstillingsprosessane vi no er i gang med.

Klimarisiko kan beskrivast som risikoen knytt til klimaendringar og klimaomstilling, og inkluderer og finansiell risiko for kommunar, fylkeskommunar og næringsliv og økonomisk berekraft. Klimarisikotilnærminga utvidar det meir tradisjonelle klimafokuset, og baserer seg på fem overordna risikofaktorar:

Fysisk risiko:

Risiko for skade på infrastruktur på grunn av klimaendringar, til dømes havnivåstiging, flaum, overvassproblematikk og skred. Denne dimensjonen vert hovudfokuset i arbeidet med eit trygt og robust Vestland, også kjent som klimatilpassing.

Omstillingsrisiko:

Omstilling som følgje av klimaendringar kan påverke både offentlege og private investeringar, og kan få store konsekvensar for næringslivet,

eller for særleg utsette sektorar. Behovet for omstilling kan skape både positive og negative ringverknader, og omstillingsrisiko vil vere eit tema som må koplast til regional plan for innovasjon og næring.

Ansvarsrisiko:

Finansiell risiko ved skade på eigedom og erstatningskrav, til dømes at kommunar kan bli økonomisk ansvarleg ved skade.

Gjennomføringsrisiko:

Risiko for kommunen eller andre aktørar sitt omdømme dersom omstilling mislukkast og ein mistar attraktivitet.

Grenseoverskridande risiko:

Finansiell konsekvens for Norge frå klimarisiko i andre land.

Vi vil i den vidare prosessen arbeide med korleis breidda i klimarisiko-tilnærminga kan bidra til å skape koplingar mellom plantemaa, og koplingar til andre regionale planar og nasjonale føringar.

Kva skal vi gjere:

- Klimaplanen vil med utgangspunkt i risikobiletet identifisere og prioritere viktige innsatsområde for å redusere klimarisiko for innbyggjarane i Vestland.
- Vi vil støtte oss på dei sterke kunnskapsmiljøa på klimatilpassingsfeltet i Vestland, og delta i prosjekt og utgreiingar som vil redusere risiko som følgje av klimaendringar i Vestland.
- Klimaplanen vil ha eit særleg fokus på naturbaserte løysingar på klimatilpassing
- Utforme retningslinjer for klimatilpassing.

2.3 Sikre naturmangfald

Naturmangfald og klima er i eit samspel som legg rammene for menneskeleg aktivitet, og denne koplinga er uttrykt i FNs berekraftmål

nummer 15. Endringar i klima påverkar naturmangfald, og endringar i arealbruk, både på land og i havet, påverkar klima. Dette komplekse vil vi forsøke å vise i klimaplanen. Planen er likevel ikkje ein naturmangfaldsplan, men det er viktig å styrke fokuset på naturmangfald og klima i ein framtidsretta klimaplan.

FNs naturpanel (IPBES) sin rapport frå 2019 viser at dei fleste indikatorane for naturmangfald syner negativ utvikling, og konkluderer med at denne utviklinga gjer oss meir sårbare for ekstreme hendingar, reduserer matsikkerheit og hindrar naturleg opptak av karbon. Vestland har eit rikt naturmangfald, både på land og i sjø, og det skjer ei negativ utvikling i mange av økosystema våre. Det er 25 naturtypar på raudlista, medan det er 585 forskjellige truga artar² Kvar femte art i norsk natur står i større eller mindre fare for å døyt ut. Nedbygging av viktige habitat og arealtypar er det viktigaste trugsmålet for desse artane. Naturmangfald er også kopla til menneskeleg velvære², og det å ivareta naturmangfaldet kan ha ei positiv effekt på helsa, både psykologisk og fysiologisk.

Hensikta med å inkludere naturmangfald som eitt av tre overordna tema i klimaplanen, er å sikre denne viktige integrasjonen mellom natur og klima. Viktige tiltak for å redusere tap av naturangfald, er samstundes positive bidrag både i utslippsreducerande og klimatilpassande arbeid. Naturen leverer fintilpassa økosystemtenester³ vi i større grad må synleggjere nytteverdiene og vår avhengigheit av. Miljødirektoratet har nyleg fått utarbeidd ein kunnskapsrapport om korleis ein kan nytte naturbaserte løysingar innan klimatilpassing. Dette kunnskapsgrunnlaget vil vi ta med oss inn i planprosessen, og som omtalt under trygt og robust Vestland, vil naturbaserte løysingar spele ei sentral rolle i arbeidet med klimatilpassing.

Som eit døme på viktige naturområde trekk vi fram myra, som er viktig både for naturmangfald, opptak og lagring av klimagassar og klimatilpassing (naturbaserte løysingar). Myr står for rundt ein tredjepart av verda sine karbonlager i jord, og bind opp meir CO₂ frå atmosfæren enn den slepp

ut. Myr bidreg mange stader med viktig drenering ved kraftig nedbør og dempar flaumtoppar. Dei siste 80 åra har myrarealet i Norge vorte redusert med over 30 % på grunn av arealbruksendringar (som til dømes grøfting, skogplanting og utbygging). Men, dei siste fem åra har meir enn 80 drenerte myrområde i Norge vorte restaurerte. Restaurering av til dømes myrområde har ein positiv effekt for naturmangfald, særleg for fuglar, insekt, planter og mosar. Myrområde er ein av mange viktige naturtypar i Vestland, men den utgjer eit godt døme på kvifor det er ein fordel for oss om vi sikrar gode integrasjonar mellom både klimabehov og naturmangfald.

FNs klimapanel (IPCC) sine rapportar om klima er etter kvart godt nytta i både forskning, forvaltning og næringsliv. IPBES rapporten har fått vesentleg mindre merksemd. Denne må og løftast og integrerast i våre planar og strategiar, om vi skal kunne legge både klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga i Vestland.

Kva skal vi gjere:

- Gjere greie for naturmangfald som har direkte effekt på utsleppsreduksjon og klimatilpassing, og identifiser tiltak for å redusere tap av slikt naturmangfald.
- Gjere greie for viktige økosystemtenester i Vestland og korleis vi kan dra nytte av desse i regional- og kommunal planlegging. Dette kan inkludere restaurering av naturområde.
- Gjere greie for korleis vi kan nytte naturbaserte løysingar innan klimatilpassing, som er særleg tilpassa kommunar i Vestland.
- Utarbeide føringar for korleis vi vektar konsekvensar for naturmangfald i Vestland

2.4 Klimarettferd og folkehelse i klima

Internasjonalt forventar FN sitt klimapanel at millionar av menneske vil bli råka som følge av endringar i klima, miljø og naturmangfald. Deler

² <https://artsdatabanken.no/Rodliste>

³ [Også omtalt som naturen sine godar, naturgodar og naturen sitt bidrag til menneska.](#)

av befolkninga har ulik kapasitet og føresetnader for å tilpasse seg desse endringane. Befolkningsgrupper som i utgangspunktet har svak helse og dårlege levekår, er svakast rusta til å møte klimaendringane. Vi har erfaringar med at klimatiltak kan råke befolkninga skeivt og urettferdig, noko som kan føre til sosial uro og motreaksjonar. Klimaplanen skal ha fokus på klimarettferd.

Mål og tiltak i klimaplanen må difor ha merksemd på sosial ulikskap i helse, og ha mål om å verken redusere levekår, eller livskvaliteten til innbyggjarane.

Kunnskap, kommunikasjon, openheit og medverknad kan bidra til å avgrense polarisering i klimadebatten. Di meir inngripande tiltak, dess større fare for sosial motstand. Større innsats rundt rettferdig omstilling kan bidra til å motverke polariseringa⁴. Det er heilt avgjerande at klimaplanen tek den sosiale berekrafta og klimarettferd på alvor og har fokus på korleis klimamål og -tiltak kan påverke kvardagen vår⁵.

Klimaendringane gir også fysiske og psykiske helsekonsekvensar. Høgare temperaturar og nedbør kan føre til auka førekomst av sjukdommar, luftvegs- og allergiplagar og auka frigjerings av miljøgifter og påverke økologiske og kjemiske vassmiljøet frå deponi. Flaum og skred er dei klimarelaterte naturfenomena som tek flest menneskeliv i Noreg⁶. I perioden 2010-2017 forårsaka storm størsteparten av naturskadane i fylket vårt⁷. I Vestland vart mellom anna kjensla av frykt for å bli råka av skred, utrygg reiseveg m.m. trekt fram i forarbeidet til Utviklingsplanen⁸. Det er påvist auka førekomst av posttraumatisk stresslidning (PTSD), depresjon og angstlidningar i etterkant av ekstremvêr og naturkatastrofar⁹. Klimaangst, særskilt hos unge er det førebels forska lite på, men som det er uttrykt uro for omfanget og alvorlegheitsgrada av.

⁴ <https://cicero.oslo.no/no/posts/klima/polarisering-og-ping-pong-politikk>

⁵ <https://www.nmbu.no/aktuelt/node/20255>

⁶ <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/klimaarbeid/klimatilpasning/klimatilpasning-i-sektorer/helse/>

⁷ Statistikk og utviklingstrekk, side 44

⁸ https://issuu.com/hordalandfylkeskommune/docs/vestland-utfordringar?fr=xKAE9_zU1NQ

Innan fleire samfunnsområde ventar vi store, offentlege utgifter dei kommande åra. Aldersbæreevna¹⁰ i Noreg er i endring, noko som gir press på velferdsstaten og kommunale budsjettprioriteringar. Kostnadene knytt til klimakrisa vil og vere omfattande, og innan kvart av målområda vil det vere trong for store investeringar. Som samfunn må vi tenke heilskap på heilt andre måtar enn før for å lukkast med ambisiøse mål om ei berekraftig og nyskapande utvikling. Korleis det offentlege løyser utfordringane og leverer tenester, påverkar opplevinga av både tillit, tryggleik, tilgang og tilhøyrse i befolkninga.

Dei forventa klimaendringane i Vestland er venta å vere betydelege. Likevel er konsekvensane internasjonalt venta å vere kraftigare. Den sosiale og økonomiske ulikskapen er også større i eit globalt perspektiv. Ekstremvêr, mindre avlingar og dårlegare tilgang på vatn kan sende menneske på flukt, med påfølgande sosial uro som konsekvens. Økonomien vår er sterkt integrert i den internasjonale marknaden, der til dømes endringar i import av fôr til landbruk og lakseindustri vil få konsekvensar hos oss¹¹. Det som kan kjennest som langt vekke frå Vestland, kan likevel påverke oss, også direkte. Gjennom våre levevanar og handelsmønster påverkar vi forhold globalt, og vi har dermed også eit ansvar her.

Kva skal vi gjere:

- Vi skal forsøke å sikre at mål og tiltak i klimaplanen ikkje skal forsterke sosial ulikskap i helse og økonomi.
- Kartlegge tilgjengeleg kunnskap om klimaendringar i Vestland og helsekonsekvensar av desse, og vurdere om sosiale skilnader påverkar utfallet. Dette for at helseeffektar og ulikskap i sosiale konsekvensar kan bli vurdert i det vidare planarbeidet.

⁹ <https://www.fhi.no/nettpub/hin/miljo/klima-og-helse/>

¹⁰ Aldersbæreevnen viser forholdet mellom den yrkesaktive befolkningen og den eldre delen av befolkningen, og er av vesentlig interesse for framtidens økonomiske bæreevne og for velferdstilbud og helse- og omsorgstjenestene (<https://www.regjeringen.no>)

¹¹ Vestlandsforskning

3. PLANSTRUKTUR

Planen vil inkludere generelle utviklingstrekk og trendar innan relevante område knytt til arbeidet med klimaomstilling. Dette vil vere utgangspunktet for å prioritere hovudutfordringar og å definere målformuleringane.

3.1 Kunnskapsgrunnlag og utviklingstrekk

I samband med planarbeidet skal det utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget skal kort omtale status og vise utviklingstrekk innan dei prioriterte områda, og danne grunnlaget for det vidare arbeidet. Kunnskapsgrunnlaget vert gjort tilgjengeleg på nettsidene til klimaplanen, og kan difor oppdaterast når ny kunnskap kjem til. Det vert fyrst prioritert fylkesdekkande kunnskap, men der dette kan brytast ned på kommune eller regionsnivå vil det bli gjort. På denne måten vil dette kunne vere ein ressurs for kommunane ved utarbeiding av kommunale planar.

3.2 Målstruktur

Det vil bli utarbeidd eit hovudmål som skal gjelde for heile planen. For kvart plantema vil det utarbeidast overordna temamål, med tilhøyrande delmål. Måla skal bygge opp under dei overordna måla i Utviklingsplanen.

3.3 Handlingsprogram og kopling til økonomiplan

Alle regionale planar skal etter lova ha eit handlingsprogram som gir ein heilskapleg oversikt

over korleis planen skal gjennomførast. Eit handlingsprogram kan innehalde tiltak som både fylkeskommunen og eksterne aktørar har ansvar for.

For å kunne vurdere måloppnåing er det ønskeleg med gode måtar å måle utviklinga på over tid. Her vil det vere aktuelt å byggje vidare på indikator nytta i oppfølging av utviklingsplanen, for å gå i djupna i det som gjeld tema i klimaplanen. Arbeidet med klimabudsjett og klimarekneskap vil nyttast som ledd i den fylkeskommunale drifta, og vil kontinuerleg vidareutviklast for å fungere som eit godt styringsverktøy og potensielt verktøy for å følgje opp klimaplanen og det geografiske området.

Konkrete tiltak skal inngå i planen sitt handlingsprogram. Handlingsprogrammet vil innehalde ei overordna og strategisk del som gjer greie for prioriterte innsatsområde, og i dette må det bli utvikla prinsipp for prioritering av tiltak. I prioriteringa av tiltak må ein vurdere både kostnad og nytte, og eventuelle effektar på andre samfunnsområde. Basert på dette skal handlingsprogrammet også ha ein konkret tiltaksdel som vil bli lagt til grunn for årlege budsjettprosessar. Ein skal årleg vurdere behovet for revisjon av handlingsprogrammet.

Fylkeskommunen har ansvar for legge til rette for ein god medverknadsprosess, og vi skal sikre størst mogeleg offentleg og reell medverknad i planprosessen. Medverknad i planlegging (pbl. § 5-1) er viktig for å sikre forankring, belyse utfordringane på breiast mogeleg måte, samt at ein i fellesskap kan einast om både utfordringane og løysingane. Ein regional plan for klima vil krevje ein brei medverknadsprosess, som sikrar at flest mogeleg har høve til å komme med innspel, og at desse vert vurdert og eventuelt innarbeidd i planen.

4. MEDVERKNAD

Medverknadsprosessen vil bli prioritert, og det er tenkt aktivitet ut over minstekrava i plan- og bygningslova. For å lukkast med ein regional plan er det naudsynt å jobbe godt med medverknad både internt og eksternt. Arrangementa og aktiviteten vil bli tilpassa gjeldande smitteverntiltak, samt ha eit bevisst forhold til klimafotavtrykket ved arrangementet.

Heile samfunnet skal klimaomstille seg, og vi vil ha ein brei medverknadsprosess. Dette skal skje gjennom organisering av arbeidet, skissert i eige avsnitt (6), samt gjennom ulike måtar for medverknad. Dei vi spesielt ynskjer å invitere inn i arbeidet er:

- Barn og ungdom – framtidens “nullut-sleppsgenerasjon” og dei som må leve med konsekvensane
- Kommunane – som har mykje av ansvaret med å bidra i klimaomstillinga
- Næringslivet - sit på mange av løysingane, og har ei viktig rolle i det grønne skriftet
- Nytte etablerte partnerskap og nettverk – for å vidareutvikle gode samarbeid og partnerskap. Eks. Klimapartnerar
- Landbruksorganisasjonar
- Offentlege myndigheiter og organ
- Forskings- og høgskule/universitetsmiljøet i regionen – styrke og vidareføre det gode samarbeidet og auke kunnskapsnivået.
- Lokale organisasjonar – mykje viktig arbeid skjer gjennom lokal aktivitet
- Innbyggjarane - då det er dei vi planlegg for
- Andre relevante.

Hausten 2020 gjennomførte fylkeskommunen saman med Statsforvaltaren ei spørjeundersøking i kommunane for å gjere ei kartlegging av

klimaarbeidet og klimaplanlegginga i kommunen. Vinter/tidleg vår 2021 har vi gjennomført ei enkel nettbasert spørjeundersøking for å få tidleg tilbakemelding på kva plantema denne regionale planen burde prioritere.

Dei fylkeskommunale råda er allereie informert om at dette planarbeidet har starta opp, gjennom eiga referatsak. Vestland ungdomsutval har både fått ei orientering via referatsak, samt ei eiga politisk sak der dei hadde høve til å spele inn viktige plantema og utfordringar frå ungdommen sitt synspunkt. Dei sluttar seg til dei føreslegne tematiske fokusområda, og trakk fram følgjande tema dei meiner er viktig; korleis enkeltpersonar kan bidra til å motverke klimaendringar, styrka fokus på berekraftige skular og arbeidsplassar, tilrettelegging for at våre daglege aktivitetar ikkje er øydeleggende for naturmangfald, og styrke eksisterande energikraftverk, som vasskraftverk.

Fylkesutvalet som prosessorgan for planarbeidet har også drøfta ei prosessak (PS 49/2021) knytt til planarbeidet. Innspela og ordsiftet knytt til denne saka var nyttig, og vi fekk politiske styringssignal i arbeidet vidare. Resultata frå gjennomført forarbeid har danna grunnlaget for tema som er prioritert i utkast til planprogram.

Vi vil prioritere både intern og ekstern medverknad og samarbeid i ulike fasar av planprosessen. Medverknad skal nyttast for å sikre at hovudutfordringar er forstått rett av arbeidsgruppene og samarbeidsgruppene, samt for å sikre innspel til viktige mål, delmål, prioriteringar og tiltak i planutkast med handlingsprogram.

Vi vil informere om framdrift og kvar vi er i planprosessen gjennom nettsida til klimaplanen, der vil vi også publisere ulike arrangement. I tillegg vil vi sende ut invitasjonar, og invitere gjennom annonser på facebook og i andre sosiale

medium. Dette for at det skal komme tydeleg fram når vi inviterer til medverknad, kven vi ynskjer deltek, og kva vi ynskjer innspel på.

Av aktivitetar vi ser for oss å gjennomføre er:

- Fysiske og digitale workshops
- Webinar og frukostmøte, gjerne temabaserte
- Bruk av eksisterande nettverk, som m.a. Klimapartnere Vestland
- Digitale spørjeundersøkingar og digitale innspel
- Planforum
- Innspelsmøtet
- "Book din medverknadsprosess" - opne opp for å delta på andre sine arrangement.




Bier på veg inn i bikuba med pollen og nektar. Foto: Sveinung Klyve

5. FRAMDRIFTSPLAN

Framdrifta i planprosessen følgjer rammene som utviklingsplanen skisserer for ein regional planprosess. Det er lagt opp til høyring av planprogrammet våren 2021 med vedtak i fyrste fylkesutvalsmøte etter sommaren. Dette for m.a. å gi tid til politisk forankring i kommunane.

Arbeidet med sjølv planutforminga startar i august 2021. Det vert lagt opp til brei og grundige medverknadsprosessar undervegs i prosessen. Fylkestinget skal etter planen vedta klimaplanen hausten 2022.

Framdriftsplan					
Fase	Prosess	Utarbeiding	Medverknad	Høyring	Vedtak
1	Utarbeiding og høyring av planprogram	4. januar–26. mars	Intern arbeidsgruppe.	26. april–18. juni	25. august 21
2	Utgreiingar og kunnskapsgrunnlag	April 21–oktober 21			
3	Utarbeiding av planforslag	August 21–april 22	September 21–mars 22		
4	Høyring og offentleg ettersyn			Mai 22–juni 22	
5	Vedtaksfase fram til vedtak i fylkestinget			September 22–oktober 22	Oktober 22



6. ORGANISERING AV PLANPROSESSEN

For å styrke både det faglege innhaldet og forankringa av planen er det viktig med brei deltaking. Vi ønskjer å engasjera både internt i eigen organisasjon, og samarbeidspartnarane våre i fylket. Vi vil skape samarbeidsarenaer både på politisk og administrativt nivå, for å sikre at det ferdige planen allereie er godt kjent, godt forankra og klart for å bli sett ut i live frå dag ein. Fylkes-

rådmannen vil arbeide vidare med etablering av samarbeids- og arbeidsgruppene, slik at dei er etablerte og klar til å starte arbeidet etter vedtak av planprogrammet. Eventuelle justeringar basert på høyringsinnspel vil bli gjennomført. Organisering av det vidare planarbeidet har vi skissert slik:

Grupper og organ	
Vedtaksorgan	Fylkestinget (FT)
Politisk styringsgruppe og prosessorgan (vedtaksmynde på planprogrammet)	Fylkesutvalet (FU)
Prosjektansvarleg	Fylkesrådmann en
Prosjekteigar	Fylkesdirektør Strategisk utvikling og digitalisering
Prosjektlei	Seksjonslei
Intern forankring	FRM toppleiargruppe
Politisk samarbeidsgruppe (referansegruppe)	Politiske/kommunale aktørar: Utval politiske lei
Regional samarbeidsgruppe (referansegruppe)	NVE, Statsforvaltaren i Vestland, SVV, KS og fylkesdirektør for Strategisk utvikling og digitalisering. Etter mal frå styringsgruppe for regionalt klimasamarbeid i Sogn og Fjordane)
Plansekretariat	Koordinerande og gjennomførande faggruppe.
Arbeidsgrupper	Grupper med ansvar for ulike plan

6.1 Regionalt klimasamarbeid

Dei regionale klimasamarbeida frå Sogn og Fjordane og Hordaland er ikkje vidareført i Vestland. Dette gjeld det politiske samarbeidsrådet, Klimaråd, i Hordaland, og det administrative samarbeidet på klimafeltet i Sogn og Fjordane.

Det vert føreslått å etablere ei administrativ og ei politisk referansegruppe for planprosessen. Desse vil undervegs fungere som gode diskusjons- og forankringsgrupper, og ressursar i utarbeiding av planen. Etter vedtak av planen vil desse gruppene kunne vidareførast som samarbeidsorgan for oppfølging av klimaplanen. Planprosessen vil på denne måten også skape gode samarbeidsarenaer for klimaarbeid i regionen og oppfølging av vedtekne mål og tiltak.



Eit endra klima vil påverke lokal matproduksjon. Her frå ein av mange fruktprodusentar i Vestland, dette frå Leikanger.

7. UTGREIINGSBEHOV

Under syner vi kort noko av det aktuelle kunnskapsgrunnlaget for det vidare arbeidet, og førebelse identifiserte behov for utlysning av

utgreiingar i klimaplanarbeidet. Dette er ikkje ei uttømmmande liste og vil vidareutviklast i vidare planprosess.

Eksisterande kunnskapsgrunnlag	Førebelse identifiserte utgreiingsbehov
St.mld 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021–2030	Indikatorutvikling
The future is now (FN)	
Klimakur 2030 - Klimatiltak - redusere utslipp - Miljødirektoratet (miljodirektoratet.no)	
KS – Mange bekker små – Grunnlag for prioriteringar neste 4 år – KS 2019.	
Vestlandsscenarioene EY, rapport 2020	Scenarioanalyse - Skildre mogelege scenario og konsekvensar
Klimakur 2030 - Klimatiltak - redusere utslipp - Miljødirektoratet (miljodirektoratet.no)	Framskriving av klimagassutslepp
Naturen som klimaløsning. Miljødirektoratet Faktaark M-1554, 2019	Forventa energibehov (energieffektivisering)
Løsningen er naturbasert (Miljødirektoratet/Asplan Viak)	Arealrekneskap – vurdere iverksetting av eit slikt arbeid
Klimarisiko i kommunene (Miljødir., Rapport M-1959, 2021)	
Klima i Norge 2100 – Kunnskapsgrunnlag for klimatilpasning – NCCS rapport	
Klimaprofiler, Norsk Klimaservicesenter	
Folkehelseoversikt Vestland 2019–2023	
Frå to til eitt klimatilpassingsfylke (Vestlandsforskning -rapport nr. 2/2020)	
Global Assessment Report on Biodiversity and Ecosystem Services (IPBES)	

7.1 Utdjupande om utgreiingsbehov

Scenarioanalyse

Det er naudsynt med utgreiingar knytt til utsleppsreduksjon. Det eksisterer offentleg statistikk på fylkes- og kommunenivå på direkte utslepp (Miljødirektoratet og SSB). Vi manglar samstundes ei god oversikt over kva tiltak Vestland må gjennomføre for å auke ambisjonsnivået over nasjonalt utsleppsmål på 55%. Det vil difor vere naudsynt med utgreiingar knytt til utsleppsbaner framover i tid, og kva dette betyr av auka innsats i regionen. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med innhaldet i denne utgreiinga og utlysinga i høyringsperioden. Det er m.a. naudsynt at utgreiinga seier noko om ulike utsleppsscenario framover, og peiker på eventuelle dilemma og konsekvensar dette har for dei andre måla i utviklingsplanen. Målet må òg vere å få synleggjort framtidig energibehov og kostnad knytt til føreslegne tiltak.

Arealrekneskap

For Vestland synar framskrivne, regionale klimamodellar ei auke i nedbør og intens nedbør som kan føre til større og hyppigare flaumar. I samband med desse utfordringane er det viktig å vurdere kva løysingar som er best egna. Det vil være gunstig å ha eit fokus på innhenting av kunnskap og utvikling av verktøy for å få eit betre oversyn over arealbruk og endringar i arealbruk.

Det har i dei siste åra vore ei rask utvikling i tilgjengelege verktøy for å overvake endringar og halde oversikt over arealressursar. I samband med utarbeiding av ein regional arealplan i neste planperiode, ynskjer vi å utgreie kva kunnskap som må hentast inn for å realisere dette. Vi vil vurdere arbeid med eit slikt kunnskapsgrunnlag som ein del av klimaplanen. Dette vil kunne danne grunnlaget for eit arealrekneskap og ein metode for å kvantifisere endring. For å oppnå dette vil vi vurdere å etablere ei tverrfagleg arbeidsgruppe, med mål om å:

- Ta i bruk dei data som finst og omsetje til nyttige verktøy for fylke og kommune
- Samla inn betre, stadfesta data

- Ta i bruk konsistente og reproduserbare metodar for arealrekneskap
- Ta omsyn til økologisk tilstand og funksjon i eit slikt rekneskap

Det er stor interesse og høg aktivitet innan dette feltet i Universitets- og Høgskulesektoren. Sjå til dømes EcoMap (<https://betweenthefjords.w.uib.no/ecomap/>) og Senter for berekraftig arealbruk (<https://www.uib.no/cesam>). Vestlandsmiljøa har kome langt i innsamling av høgkvalitetsdata som kan nyttast til heildekkande kartlegging av arealbruk gjennom oppdaterte flyfoto (omløpsfotografering).

Dette er eit prosjekt som kan:

- inngå i både kunnskapsgrunnlag for t.d. klimaplanar og arealplanar på regionalt og lokalt nivå
- gje eit godt verktøy i arealplanlegging for kommunane
- utvikle og etablere samarbeid med UH-sektoren og forskingsmiljø
- sette Vestland på kartet i arbeidet med arealrekneskap

7.2 Konsek.-utgreiing

Alle regionale planar skal etter lova (§4-2) skildre planen sine verknader. Planar som gir rammer for framtidig utbygging utløyser krav om ei ekstra grundig skildring, ein konsekvensutgreiing. Klimaplanen gir ikkje direkte føringar for konkrete arealtiltak og utløyser dermed ikkje krav om konsekvensutgreiing, men planen skal likevel gjere greie for verknader for miljø og samfunn. Dette betyr at verknadene for dei andre måla i Utviklingsplanen må gjerast greie for, slik at ein har grunnlag for å vurdere den heilskaplege berekrafta i planen, og eventuelle målkonfliktar med Utviklingsplanen. Ein skal vurdere verknader for næringsliv og arbeidsplassar, offentleg økonomi og innbyggjarar. Planen vil vurdere ulike scenario og verkemiddelpakkar som grunnlag for strategiske avgjerder og planutforming, her under ei vurdering av kva som er ei hensiktsmessig hastigheit i innføringa av tiltak, og behov for eventuelle fasar i denne utviklinga.

8. RAMMER FOR PLAN-ARBEIDET

8.1 Kva skjer internasjonalt?

Dei globale klimagassutsleppa aukar for kvart år som går. I 2018 var dei globale klimagassutsleppa meir enn dobbelt så mykje som det var i 1970¹². Parisavtalen blei ratifisert av Noreg i april 2016, og trådte i kraft i november same år. Vi skal avgrense temperaturstiginga til godt under 2 grader (togradersmålet), og forsøke å avgrense temperaturstiginga til 1,5 grader.

8.2 Kva skjer i EU?

EU sin grønne giv (Green Deal) fører til ein meir ambisiøs klimapolitikk. Sentralt her blir eit eige klassifiseringssystem (taksonomi) for økonomisk berekraft, standardar og merkeordningar for grønne produkt, og fremjing av investeringar i berekraftige prosjekt. Dette vil få ringverknadar for Vestland ettersom store delar av eksportmarknaden vil vere omfatta av EU sine verkemiddel. EU sin taksonomi er meint å operasjonalisere EU sine klimamålsetnadar. Taksonomien klassifiserer økonomiske aktivitetar som spelar ei viktig rolle innan klimaomstilling.

Aktiviteten og satsingsområda til EU vil påverke Norge, og Vestland. Dette vil gjelde både forskingsmidlar, inneber mindre utslepp av klimagassar, særleg CO₂, mindre forbruk av ikkje-fornybare ressursar, sirkulær økonomi, mindre avfall og forureining, og særleg endringar frå fossile til fornybare energikjelder, utfasing av unødvendig plast, auka fokus på gjenbruk, resirkulering som del av ein sirkulær økonomi osv. Dette vil mellom anna vere viktig for det lokale næringslivet vårt, også synt gjennom analysar til ny regional næringsplan. Strengje internasjonale krav til klima

og miljø stimulerer til innovasjon, og næringslivet vårt har ein mogelegheit til å ta ein nøkkelposisjon i det grønne skifte.

8.3 Kva skjer nasjonalt?

Norge har under Paris-avtalen ei forplikting til å redusere klimagassutsleppa med minst 50-55 % i 2030, samanlikna med 1990. Dette utsleppsmålet gjeld både kvotepliktig og ikkje-kvotepliktig sektor.

Viktige nasjonale føringar er:

- [Klimakur 203 Tiltak og virkemidler mot 203](#)
- [Klimakur 203 Tiltak og virkemidler mot 2030](#)
- [Meld. St. 13 Klimaplan for 2021-2030](#)
- [Meld. St. 41 \(2016-2017\) Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid](#)
- [Lov om forvaltning av naturens mangfold \(naturmangfoldlova\)](#)
- [Lov om klimamål \(klimaloven\)](#)
- [Lov om planlegging og byggesaksbehandling \(plan- og bygningsloven\)](#)
- [Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning](#)
- [Statlige planretningslinjer for samordnet bolig, og areal- og transportplanlegging](#)
- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#)
- [Meld.St.16 \(2019-2020\) Nye mål i kultur- miljøpolitikken](#)
- [Meld. St. 45 \(2016-2017\) Avfall som ressurs -avfallspolitikk og sirkulær økonomi](#)
- [Meld. St 18 \(2016-2017\) Berekraftige byar og sterke distrikt](#)
- [Meld. St. 11 \(2016-2017\) Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruks-](#)

¹² <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/klima/globale-utslipp-av-klimagasser/>

[produksjon](#)

- [Meld. St. 20 \(2020-2021\) Nasjonal transportplan 2022-2033](#)
- [Meld. St. 25 \(2015-2016\) Kraft til endring – Energipolitikken mot 2030 \(Energimeldinga\)](#)
- [Meld. St. 33 \(2012-2013\) Klimatilpasning i Norge](#)
- [NOU 2018:17 Klimarisiko og norsk økonomi](#)

8.4 Kva skjer regionalt?

Vestland fylkeskommune har to gjeldande klimaplanar, ein for det geografiske området Hordaland og ein for Sogn og Fjordane. Desse planane skal no erstattast med ein ny felles klimaplan for Vestland. Klimaplan for Hordaland¹³ blei vedtatt i 2014, medan Regional plan for klimaomstilling¹⁴ blei vedtatt i 2018.



8.4.1 Kopling til andre regionale planar.

Utarbeiding av ein regional klimaplan skjer samstundes som det vert utarbeida andre regionale planar, og desse prosessane har alle som mål å følgje opp Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

Tett dialog, samarbeid og samhandling mellom planprosessane er naudsynt for å lukkast i felleskap i Vestland.

Tilgrensande regionale planar er:

- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling (på høyring, vedtak 2021)
- Regional transportplan, med tilhøyrande strategiar (på høyring, vedtak 2021)
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv (planprogram på høyring, vedtak 2022)
- Regional plan for vassforvaltning Vestland (på høyring, vedtak 2021)
- Regional plan for fornybar energi (planlagt oppstart 2021)
- Regional plan for kompetanse (planlagt oppstart 2021)
- Regional plan for senterstruktur (planlagt oppstart 2021)

8.4.1.1 Særleg kopling mellom regional klimaplan og Regional plan for fornybar energi

I tillegg til regional plan for klima vil fylkeskommunen i 2021 starte arbeidet med ein regional plan for fornybar energi. Dette vil vere to planar som heng tett saman då utfasing av fossil energi og utsleppsreduksjon vil vere avhenging av tilgang til fornybar energi. Auka produksjon av fornybar energi er ikkje utan dilemma og konsekvensar, både knytt til sosiale forhold og konsekvensar for naturmangfaldet i regionen.

Regional klimaplan vil med andre ord **ikkje** ta opp tema knytt til ny produksjon av energi og eventuell arealbruksendringar som følgje av dette.

¹³ [Klimaplan for Hordaland 2014-2030](#)


¹⁴ [Regional plan for klimaomstilling 2018-2021](#)

8.4.1.2 Særleg kopling til plan for innovasjon og næringsutvikling

Investeringssevne, omstillingsvilje og omstillingskapasitet i næringslivet blir viktig for klimaomstilling i Vestland, og det vert avgjerande at næringslivet bidreg aktivt i omstillinga. Det vidare arbeidet med klimaplanen vil ta utgangspunkt i arbeidet som ligg bak utkast til ny plan for næring og innovasjon.

LES MEIR OM KLIMAPLANEN OG PROSESSEN

<https://www.vestlandfylke.no/Klima-og-natur/klimaplanar-og-rapportar/>



Vestland
fylkeskommune

vestlandfylke.no